



Justis- og politidepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

23.05.2004	
JUSTISDEPARTEMENTET	
17 JUN 2004	
SAKSNR.:	200402134
AVD/KONT/BEH:	LOJ/EO/ØC
DOX.NR	11
ARKIVKODE:	


Høring - utkast til forskrift om unntak frå forvaltningsloven § 28 for vedtak om kommunal billighetserstatning til tidlegare bebuarar ved barneheimar i Bergen kommune


Fylkesmannen viser til høyringsbrevet som er motteke 26.05.04 der justisdepartementet foreslår ein forskrift om unntak frå klagereglane i forvaltningslova § 28 for så vidt gjeld vedtak om kommunal billighetserstatning til tidlegare bebuarar ved barneheiminstitusjonar i Bergen kommune i perioden 1954 til 1980.

Fylkesmannen i Hordaland støtter departementet sitt forslag om ein forskrift som gjer unntak for klagereglane. Fylkesmannen legg i denne samanheng særleg vekt på at erstatninga utmålast ut frå grove skjønsmessige retningsliner, det er såleis ikkje ei utmåling av erstatning på vanleg måte. Ordninga kan vidare samanliknast med utmåling av billighetserstatning frå Stortinget som det ikkje er klagerett på.

Det er viktig for fylkesmannen at sekretariatet/erstatningsutvalet ut frå alminnelige forvaltningsrettslege prinsipp vil ha moglegheit til å gjere om vedtak dersom det skulle vise seg at viktige saksopplysningar ikkje har vorte vurderte, jf fvl § 35.

Fylkesmannen legg vekt på at sakskomplekset og erstatningsordninga er så spesiell at eit fritak frå klagereglane ikkje vil gje vidtrekkande prinsipielle følgjer elles i forvaltninga.


Paul Kløvrud
Avdelingsdirektør


Hilde Ordemann
rådgjevar